



Line Hervig

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1722 - 16/14001

Saksbehandlar:

Einar Færø

einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:

07.11.2016

## Byggesak Gbnr 24/168 Bø - Dobbel garasje-dispensasjon frå byggjegrænse mot veg

Delegasjonssak nr.: 321/2016

Me viser til dykkar søknad om oppføring av garasje. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl §29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrænse og frisiko vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til ein mindre trafikkert kommunal veg. Området er regulert, men det er ikkje sett byggjegrænse mot veg og avstanden til vegmidte skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd.

Plasseringa av tiltaket som her vert søkt om vil på det næraste få ein avstand til vegmidte på 4 m.

Kommunen vurderer tiltaket til ikkje å vera til hinder for frisikta. Vurderinga er også gjort på bakgrunn av mellom anna trafikkmengde og type trafikk. Det er også mange andre tiltak i området som har tilsvarande plassering i høve til vegmidte.

Vegmynda godkjenner difor plassering av tiltaket med ein minsteavstand til vegmidte på 4 m.

### Vedtak

Vegmynda godkjenner plassering av tiltaket med ein minsteavstand til vegmidte på 4 m.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Vedtaket er heimla i veglova § 29, andre ledd.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø  
kommunalsjef drift og forvaltning

Einar Færø  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Line Hervig